

Til stades: Marit, Lars, Sigurd, Judith, Ingvald og Jomar

1. **Årsmøteprotokoll og innrapportering** til Norges idrettsforbund og Brønnøysundregisteret.

Protokollen er signert. Jomar set i gang med innrapporteringa og sender protokollen til Lars for publisering på nettsida.

Jomar skal også legge opp personlege e-post-adresser og legge til Marit på post@sunnfjordkajak.no

-og ta kontakt igjen med nettsidelverandøren for å få det lova heimesidekurset.

2. **Padleboka.**

Opplegget bør vere klart til 1. mai. Mogleg arbeidsmøte 18. april for å få på plass detaljane. Superbrukar: Lars

3. Gjennomgang av gruppene. Vi skal invitere med gruppene på nokre av styremøta.

Juniorgruppa: Få Pablo med i gruppa?

Vi drøfta opplegg for større juniorar, for å behalde juniorane i klubben. Ev. padlegruppe med citiusar. Vi diskuterer dette vidare på neste styremøte, og inviterer med juniorgruppa då.

Vedlikehald utstyr hav: Vi held på gruppesamansetjinga. Gruppa får ansvaret for padleboken.no

Vedlikehald naust: Tone og Tore ut av gruppa. Nye: Roar Foss og Irene eller Torill. Jomar spør. Aktuelle oppgåver for organisering: nedvask, reparasjon og ny badestige på flytebygga, rutiner for plenklipp og avfall. Lage plass til doble kajakk ute, under tak? Lås: Vi vil montere ny elektronisk lås med kodepanel. Ny nøkkelboks, plasserast under takutstikket. Ingvald kjøper inn av bra kvalitet til ok pris.

Padleaktivitet: Forslag om at Øyvind kan gå ut av gruppa, for å fokusere på juniorgruppa. Ny: Wenche. Jomar spør (har spurt – ok)

Elv: OK. Vi vil gjerne få til noko kurs/arrangement med elvepadling.

4. **Søke om midlar.** Informasjonsmøte om inkluderingsfond/Sparebankstiftinga 12. april, frist 20. april.

Midlar frå padleforbundet?

Universell utforming – tilretteleggingsmidlar?

5. **Møteplan.**

11. april – møte med juniorgruppa (Gjennomført 17. april)

18. april – ev. seinare – om padleboka (blir 25. april)

9. mai kl 17. Styremøte, medlemsmøte kl 18 m. Padleboka. Naustet/ute?

6. juni kl 17. Styremøte m. vedlikehald naust og vedlikehald havutstyr-gruppene.

15. august kl 17. Styremøte.

6. **Brev som er komne inn.**

a. Årsmøte i Sunnfjord idrettsråd 24. april

b. Årsmøte i Forum for natur og friluftsliv 29. mars

c. Sunnfjord kommune: Innspel til nye anlegg for idrett og friluftsliv.

d. Straumstøtte for oktober-desember 2022

7. **Andre saker**

Send padleplanen ut på e-post.